




Averøy kommune
post@averoy.kommune.no

OFFENTLEG ETTERSYN – SØKNAD OM TILLATELSE TIL LANDBASERT OPPDRETT PÅ LOKALITET TØFTA - FRÅSEGN

Vi viser til dykkar ref. 21/00193

Naturvernforbundet ønskjer å uttale seg til denne saka. Dette skjer i samarbeid mellom Naturvernforbundet i Møre og Romsdal og Naturvernforbundet i Kristiansund og Averøy.

Naturen i området



Vi har visst frå før at naturen kring og i Øksenvågen er innhaldsrik og har stor verdi. Dei nye marine undersøkingane viser oss at det gjeld også under havflata. Å legge eit anlegg i dette området bør ein ikkje gjere i noko fall. Særleg ikkje anlegg som har utslepp til sjø. Verken større tareførekomstar eller korallførekomstar skal utsetjast for utslepp, sjølv om det blir sagt at det er god evne til fortyning.

Vi vil elles minne om at vurderingar etter naturmangfaldlova § 10 også må ta med den påverkinga som skjer av naturen på land når samla belastning skal vurderast.

Behov for vatn

I dokumentasjonsvedlegget til søknaden finn vi:

“Anlegget skal forsynes med sjøvann via et tunnelinntak fra 75 m dyp i Ramnfjorden med et tverrsnitt på ca 120m²,tilsvarende en kapasitet på opp mot 13.000 m³/min.”

Eit tverrsnitt på 120 m² tilsvarar omtrent måla på ein gymsal.

Vassføringa tilsvarar 216 m³ i sekundet. Det er 6-7 gongar vanleg vintervassføring i Driva ved Elverhøy bru.

Utslepp

Tabell 1. Beregnet rensegrad og utslipp fra planlagt produksjon ved Averøy Seafood AS sitt anlegg på Tøfta i Averøy kommune.

Utslipp fra Averøy Seafood AS sitt planlagte anlegg	Totalt nitrogen	Total fosfor	Totalt karbon
Rensegrad i anlegget av type primærrensing	20 %	63 %	63 %
Utslipp til sjø med 28 merder på 20.000 m ³	950 tonn	80 tonn	1398 tonn

Eit utslepp på 80000 kg fosfor i året tilsvarar gjødselforbruket til mellom 40000 og 80000 dekar jordbruksareal. Det er 2-4 gonger fosforbehovet til dyrkajorda i Averøy kommune. Sjølv om det er opplyst at utsleppet blir raskt fortynna, er det ikkje greitt at «halve Nordsjøen» får seg ein slump nitrogen, fosfor og karbon i tillegg til det som er der frå før. Fosfor til jordbruket er basert på ressursar som om få år er tømt. Her går store mengde på havet. Det er ikkje greitt. Nitrogenmengda er nok til gjødsling av meir enn det doble av jordbruksarealet i Averøy kommune.

Det er tale om liknande anlegg i Vestnes, Hustadvika og Aure. Samla kan dette dreie seg om gjødselmengder fleire gonger så store som det vi har frå jordbruket i dette området no.

Vi oppfattar det slik at inntaksvatnet blir silt og ikkje reinsa.

Vatnet som skal ut igjen blir delt opp i ein fraksjon med mykje botnfall, som skal reinsast ut, og den store resten som i all hovudsak blir pumpa ut igjen utan reinsing. Vi ser for oss at eventuell sjukdom som blir spreidd med vatnet dermed kan hamne i sjøen. Korleis dette kan bli spreidd vidare veit vi ikkje. Sperra mot sjukdom inn i anlegget er truleg basert eine og aleine på at vassinntaket ligg på 75 m djupne.

Vassvolumet som skal ut er rimelegvis i same storleik som det som skal takast inn. Det blir som ei stor elv ut i sundet.

Generelle problemstillingar knytt til fiskeoppdrett

Ein del problem med sjukdom knytt til fiskeoppdrett kan truleg ikkje løysast utan at nokre anlegg blir fjerna frå sjøen. Ein kan tenkje seg at det er det som skjer når det blir bygd

landanlegg. Slik vi har forstått det, så er det ikkje tilfelle. Landanlegg kjem i tillegg til det som er frå før.

Rømmingsproblematikken er truleg langt på veg løyst, men det er lite hjelp i så lenge anlegga i fjordane framleis er der og det rømmer laks frå desse.

Det ser ut for at vatn både inn og ut av anlegget ikkje vil bli reinsa slik at sjukdom inn i anlegget eller ut av anlegget er utelukka.

Sidan anlegget aukar det totale oppdrettsvolumet, vil det gje ein auka etterspurnad etter fôr. Dette må i betydeleg grad importerast. Produksjonen av dette har uansett eit miljøavtrykk. Når ein ser på «kalorirekneskapen», får ein færre kaloriar ut av anlegget enn dei som blir putta inn.

Straumbehov

Verksemda har på førespurnad uttalt at deira maksimale effektuttak vil vere på 3,8 MW. Det er fleire «landanlegg» under planlegging i Møre og Romsdal. Eit slikt anlegg i Aure har uttalt at dei treng 60-70 MW. Vi har sett at Sintef har rekna på dette og trur nokre av tala kan vere feil.

Anlegget på Tøfta vil ikkje ha pumpehøgde på vatnet, og det er ganske vesentleg for straumbehovet. Men det er store mengder vatn som skal pumpast, og det skal gjennom silanlegg og reinseanlegg.

Det er i seg sjølv underleg at det er så stor forskjell mellom desse anlegga. Viss Averøy Seafood sitt effektbehov er rett, så må det bety at anlegget under planlegging i Aure ikkje kan vere liv laga. Vi er difor i tvil om effektuttaket kan vere rett.

Høgspennettet i Averøy har ikkje så veldig mykje ledig kapasitet etter det vi kan finne ut. Det er dessutan ein del som manglar på alternativ levering ved utfall ulike stader i nettet sidan det ikkje er ringnett i ytre del av kommunen.

Konklusjon

Inngrep på land i dette prosjektet er betydelege, og det same gjeld sjøen. Det er store mengde fosfor og nitrogen som går på sjøen i staden for å bli brukt i jordbruksproduksjon. Dei generelle problema knytt til fiskeoppdrett blir ikkje løyst med dette prosjektet. Det vil vere feil å gje dette anlegget konsesjon og utsleppsløyve.

Helsing

Øystein Folden

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal